

EWZ STIGAFJELLET VIND AS
c/o Ekonomernas Hus, Karl Johans gate 7
0154 OSLO

Vår dato: 10.06.2020
Vår ref.: 200703210-204
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Stigafjellet vindkraftverk - vedtak om utsett frist for idriftsetting, Bjerkreim kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 19.05.2020 frå Stigafjellet Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Stigafjellet vindkraftverk frå 31.12.2020 til 30.06.2021 og forlenga konsesjonsvarigheit slik at konsesjonsperioden blir 25 år frå vindkraftverket vert sett i drift. Stigafjellet vindkraftverk er lokalisert i Bjerkreim kommune, Rogaland fylke.

Endeleg konsesjon for Stigafjellet vindkraftverk vart tildelt Stigafjellet Vind AS av OED den 05.07.2012. I konsesjonsvilkår nr. 3 er det satt frist om idriftsetting av anlegget innan 2020, med moglegheit for forlenging viss søknaden blir sendt inn seks månadar før fristen går ut. I konsesjonsvilkår nr. 1 er konsesjonens varigheit satt til 25 år frå det tidspunktet anlegget vert sett i drift, men ikkje utover 16.08.2045.

Stigafjellet Vind AS søker om utsett frist for idriftsetting av Stigafjellet vindkraftverk med grunngjeving i eit føre-var perspektiv som følge av situasjonen med Covid-19. Stigafjellet Vind AS understrekar at Stigafjellet vindkraftverk mest sannsynleg vil vera ferdig og sett i drift innan 31.12.2020, men søker om utsett frist i tilfellet det skulle oppstå uventa problem.

NVEs vurdering

NVE viser til at fristen for idriftsetting av Stigafjellet vindkraftverk går ut ved årskiftet. Me konstaterer at det på grunn av utforutsette hendingar, avgrensingar som følge av Covid-19, er ein risiko for at vindkraftverket ikkje blir ferdig innan utgangen av 2020. NVE finn det rimeleg å gi forlenging av fristen for idriftsetting til 30.06.2021.

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom anlegget er under bygging og realiseringa av vindkraftverket er forsinka av forhold som er utanfor konsesjonærs kontroll. Det er i tillegg administrativ praksis hjå NVE å innvilga forlenga frist for idriftsetting fram til 31.12.2021.

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4, andre ledd, gir NVE Stigafjellet Vind AS utsett frist for idriftsetting av Stigafjellet vindkraftverk frå 31.12.2020 til 30.06.2021. Varigheita på konsesjonen er framleis 25 år frå det tidspunktet anlegget vert sett i drift, men ikkje utover 30.06.2046.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE legg i vedtaket vekt på at utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket gir Stigafjellet Vind AS tilstrekkeleg tid til å fullføra utbygginga på ein trygg måte og utsettinga fører ikkje til ulemper for andre anna enn at kraftverket kan fullførast eit halvt år seinare enn planlagt. Endringa av sluttdatoen på konsesjonen tek omsyn til at vindkraftverket kan ferdigstillast eit halvt år seinare enn planlagt.

NVE ber Stigafjellet Vind AS opplysa grunneigarar og andre parter om vedtaket.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Bjerkreim kommune
Fylkesmannen i Rogaland
Rogaland fylkeskommune